

## Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

**Kari Foseid Aakre (A)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Grieghallen AS. Representanten trådte frå under vurderinga av habiliteten.

Konst.fylkesrådmann Ingrid Kristine Holm Svendsen stilte spørsmål om sin habilitet. Fylkesrådmann var framleis styremedlem i Grieghallen IKS når revisjon vart utarbeida. Fylkesrådmannen trådte frå under vurderinga av habiliteten.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Foseid Aakre er inhabil etter fvl. § 6 første ledd nr. e. og at fylkesrådmannen er inhabil, jfr. fvl. § 6.2.

Representanten og fylkesrådmannen trådte frå under behandlinga av saka. Det var 56 representantar tilstades.

### Røysting

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkestinget syner til tilbakemeldinga på dei enkelte vedtektpunkta frå sak 107/18, og tek oppfølginga til vitande.
2. Fylkestinget godkjenner at selskapsavtalen vert endra på følgjande 2 punkt
  - a) Selskapsavtalen for Grieghallen IKS § 6 endres og skal etter endringa ha slik ordlyd:

"Styret har tre medlemmer. Styret velges for 4 år. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende"
  - b) Selskapsavtalen for Grieghallen IKS § 5, siste ledd endres og skal etter endringa ha slik ordlyd:

"Representantskapet skal:

    - Velge styrets medlemmer, herunder velge styrets leder og nestleder
    - Vedta budsjett, økonomiplan og godkjenne regnskap
    - Velge revisor
    - Fastsette godtgjørelse til representantskapets leder, styrets leder, og til begge organers faste medlemmer"
3. Kontrollutvalet følgjer selskapkontrollen vidare opp.